



Tore Eidsheim  
Sjosidevegen 192  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3534 - 21/43764

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
22.06.2021

## Avslag på bestandsplan - 2021 - 2023, Lindås Vest Hjortevald, 4631V0053

**Administrativt vedtak: Saknr: 714/21**

### VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16 gjev Alver kommune med dette Lindås Vest hjortevald, 4631V0053, avslag på søknad om bestandsplan 2021-2023.

Grunngjeving for avvising går fram av saksutgreiing og vurdering.

### Saka gjeld:

Lindås vest Hjortevald 4631 V0053 ved vald ansvarleg Tore Eidsheim søker i brev dagsett 15.04.2021 om ny avskytings plan 2021-2023. Den gamle plan var på 130 dyr, 470 daa/løyve og vurderast som for lav. Hjortevaldet ønskjer en ny plan på 155 dyr, 393 daa/løyve. Dei ynskjer ein fordeling på hann/ho/kalv på 37:37:26.

Totalt 2021 - 2023	Kalv	♀	♂
465	120	172	173

### VURDERING:

Krav, godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort er regulert av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 15-16. Forskrifta har som føremål å forvaltninga av hjortevilt skal ivareta bestandenes og leveområdas produktivitet og mangfald. Det skal leggst til rette for ei lokal og berekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjons messig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltninga skal vidare sikre bestandsstorlek som fører til at hjortevilt ikkje forårsakar uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

09.06.2021 vert kommunale mål for forvaltning av hjort vedtatt og kommunen vil no styra bestanden av hjort imot einsarta kjønnsamansetting i bestanden, naturleg aldersstruktur og

sikra at bestandsstorleiken ikkje fører til vesentlege beiteskadar på jord- og skogbruk. I tillegg til den kommunale målsetting for forvaltning av hjort vart det politisk samrøystes vedteke at grunna skada situasjonen fleire stader i kommunen trengs det frå administrasjonen si side iverksetting av ekstraordinære kortsiktige tiltak i hjorteforvaltninga, som rask kan bringe bestanden ned til eit meir normalt nivå.

§16 beskriv at ved godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort skal dei kommunale måla stå sentralt ved godkjenning av bestands planer, og kommunen skal sikra at bestandsplanens mål og den planlagde avskyting er i samsvar med måla kommunen har vedtatt. Viss bestandsplanens mål er i strid med kommunens mål, eller avskytings profilen motarbeider kommunal måloppnåing skal planen avvisast.

Administrasjonen har vore i dialog med styret i hjortevaldet valdet og forklart at eit uttak med fordelinga 37:37:26 som er foreslått ikkje vil endre kjønnsamansetting i bestanden. Ved Skeiv kjønnsmessigt kalveproduksjon vil foreslått fordelinga faktisk gjera kjønnsamansetting i bestanden meir skeiv og belasta hanndyrs delen i bestanden i auka grad ved heva uttak. Det låge uttak av kalv vil ikkje kunne kvalitetssikra fjørkoller i høg nok grad for å heve reproduksjonsgraden hos desse som 1,5 åring. Avskytings profilen kan ikkje oppfylle den kommunale målsetting.

I den kommunale målsetting er det også fastlagt at fordelinga på kjønn i uttaket som minimum skal tilsvare fordeling på kjønn i bestanden. Hjorteviltregistrert/ Sett hjort viser ein veldig skeiv kjønnsmessigt fordeling i bestanden i hjortevaldet og varierende bruk av Sett hjort.

Jaktår	Sett kolle per bukk	Antall jegerdager	Antall jaktfelt
2017	0	0	0
2018	1,8	119	2
2019	1,98	308	10
2020	0	0	0

Administrasjonen har difor foreslått eit uttak på minimum hann/ho/kalv 20:40:40 og økt uttak til 155 dyr. Hjortevaldet har dei siste tre sesongane hatt nesten 100% uttak. Denne avskytings profilen har vert på høyring hos styret i hjortevaldet utan tilslutning. Det vert foreslått frå administrasjonen at hjortevaldet utset ein ny bestandsplan til sesong 2022. Då vil ein ha resultat av tannsnitts analyse og kohort i sesong 2021 i Alver kommune og desse resultatata skal brukast til å heve avgjerds grunnlaget for ein ny bestandsplan for hjortevaldet. Den nye bestandsplanen skal forbetra kvaliteten av den lokale hjortepopulasjon og målretta redusere nivå av skade på avling igjennom reduksjon av produksjonsdyr.

### Regelverk

FOR-2016-01-08-12 Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3534

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tore Eidsheim

Sjosidevegen 192

5914

ISDALSTØ